



Austleg kulturløype/Ulvik

On the east side of Ulvik



Ljonakleiv.

Foto: Magne T. Øydvinn



Utsyn mot Brakanes.

Foto: Anne-Marie Øydvinn

Rute og ymse av interesse

Gangtid: Om lag 2 1/2 time.

Terreng: Asfaltert veg og bratt sti/gangveg Lekve-Solhovden. Alternativ rute frå Lekve om Nedre Lekve og Syslandet tilbake til Ulvik, sjå kart.

Parker bilen i sentrum, som er kalla Brakanes. I eldre tider voks det stort sett berre brakje (einer) her, derav namnet. Busetnaden her er ikkje så svært gamal, det var først i løpet av 1880-90 åra at staden utvikla seg til eit bygdeseiter. Start turen med ei vitjing i Ulvik kyrkje (1859), som er bygd av lafta tømmer med interiør dekorert av kunstnaren Lars Osa (1). Gamalt inventar og to interessante målarstykke er flytte over frå ei eldre kyrkje.

Herifrå tek du vegen mot Osa og etter om lag 400m passerer du porten til BKK sitt kraftverk i Ulvik (1974) på venstre hand (2). Inne i fjellet, 550m bak denne porten, ligg sjøelve kraftstasjonen. Rett etter at du har passert kraftverket tek du til venstre opp «Prestabrekka» og så til høgre i neste vegkryss. Du er no i «Prestagarden» og har presten sin bustad og Drengjastova til høgre for deg (3). Her stod den fyrste kyrkja i Ulvik, ei stavkyrkje som var bygd kring år 1200. Gravene som du ser er i frå 17- og 1800 talet.

Du held fram langs bygdevegen forbi Hakestad til Syse. Husa her er samla i eit klyngetun, som var den vanlege forma for busetnad på gardane før i tida (4).

Følg vegen vidare til du kjem til garden Lekve (5) som er delt i to delar, Øvre og Nedre Lekve. Du står no på Øvre Lekve. Då gardsnamnet skriv seg frå orda «leik» og «vin», som tyder sletta der dei hadde kappleikar/

Route and places of interest

Duration: Approx. 2.5 hours

Terrain: Paved road and steep path Lekve - Solhovden.

Alternate route from Lekve past Nedre Lekve and Syslandet and back to Ulvik. See map.

Park the car in the centre of Ulvik, which is called Brakanes. In the old days the headland here was covered with juniper. As the area was developed as a community hub as late as the 1880's and 90's, Brakanes is not an old township.

Start your tour by visiting the Ulvik Church from 1859. The church is built in hewn timber with interior decorations by the artist Lars Osa (1). Some old furniture and two interesting paintings from an even older church are on display here.

After about 400 metres on the road to Osa you pass the gate to the BKK hydro electric power station in Ulvik, built in 1974 (2). The Power Station itself is located inside the mountain about 550 metres behind the gate. Just past the power station you turn left up Prestabrekka and then right at the next crossroads. You are now in Prestagarden and the rectory and Drengjastova can be seen to the right (3). The very first church in Ulvik, a stave church built around the year 1200, was located here. The graves and markers that you can see are from 1700-1800.

Continue on the county road past Hakestad to Syse. Notice that the houses are located in the traditional cluster or "tun" - the Norse origin of the English "town" (4).

Follow the road to Lekve (5). The farm is split in two parts: Upper and Lower Lekve, and you are now at the "upper". The name derives from the word "leik", which means "play", and the word "vin", which means "level area". It is believed that competitions and sports were performed here in pre-Christian times.

From Lekve you have a magnificent view of Ulvik and surroundings, with Hjeltnes and Åsen on the other side of Ulvikpollen (6). The innermost part of Ulvikpollen is a designated wildlife sanctuary for the protection of an area with interesting tidal zone flora, and as nesting sites, and winterfeeding and rest area for migrant wetland birds.

From Lekve you turn left and up a steep gravel road to Tunheim (7), where more archaeological discoveries have been made than any other place in the Ulvik area. Near the edge of the plateau there is a group of four burial



konkurransar, går ein ut ifrå at det vart halde kappleikar her i førkristen tid. Frå Lekve har du eit flott utsyn til store delar av Ulvik, med Hjeltnes og Åsen på den andre sida av Ulvikpollen (6). Den inste delen av Ulvikpollen er freda som naturreservat for å sikre eit område med verdifull havstrandvegetasjon og eit viktig hekke-, trekk- og overvintringsområde for våtmarksfugl.

Frå Lekve tek du til venstre opp ein heller bratt grusveg til Tunheim (7), som er den staden i Ulvik som er rikast på fornminne. Ytst på terrassen kan ein sjå ei samling med fire gravrøyser som er datert til jernalderen (600 f.Kr. - 500 e. Kr). I slike røyser vart hovdingar og andre viktige personar gravlagde.

På Tunheim tek du til venstre gjennom grinda og passerer Sveidnaplassen i det vegen svingar mot nord igjen (8). På vegen vidare mot Ljonakleiv passerer du ein steingarde og eit kjempestort grantre (9), som vart planta ein gong i 1890-åra og soleis er eit uvanleg gamalt eksemplar. Medan furu veks vilt satsar gardbrukarane på tilplanting med gran som har mykje større tilvekst og difor gjev betre økonomi i skogbruket.

Vel oppe på Ljonakleiv, som tidlegare var husmannsplass under garden Lekve (10), kan du ta ein kvilepause og nyte utsikta. Løa er restaurert og er eit godt døme på byggjestilen «grind og stavhus», som har sine røter langt attende til førhistorisk tid her på Vestlandet.

Frå Ljonakleiv går du til venstre på stien og vidare gjennom ei grind. Rett etter grinda tek du til høgre i vegskillet. Etter nokre hundre meter kjem du fram til tunet i Solhovden. Her finn du såkalla skålgroper i ein fjellknaus ovanfor tunet (11) Slike offergroper frå bronsealdaren finn ein fleire stader i Ulvik, for det meste høgt oppe i liene. Dette skulle tyda på at den eldste busetnaden var her oppe, og namneformene på desse gardane peikar i same lei.

Herifrå går ein beint imot husa og gjennom tunet (fylg skilta) og held fram langs gardsvegen forbi Ljono Staudegartneri til ein når bygdevegen. Her tek ein til venstre og ned til garden Uppheim som ligg høgt og fritt med utsyn over heile Ulvik (12). Det at det er så lunt i Ulvik, og at garden ligg i sørhelling, gjer at ein kan dyrke frukt her. Fleire soltimar pr. døger i vekstsesongen her oppe kompenserer for lågare lufttemperatur enn i frukt-hagane nede i bygda.

På veg mot bygda passerer du garden Hakestad (13). Garden strekkjer seg frå elva Tyso til Sysebakkjen og er truleg ein av dei eldste gardane i Ulvik. Garden er delt i Øvre Hakestad, kor me står, og Nedre Hakestad med bygdesenteret Brakanes. I tillegg til innmarka som me ser rundt oss, eig garden óg utmarksteigar ved Stokkvatnet. I dag er garden delt i mange større og mindre bruk, og ein god del av garden er og lagt ut til bustadfelt. Her ligg og Rossvoll, der ein av Noregs mest kjende lyrikarar, Olav H. Hauge (1908-1994) budde (14). Han var utdanna gartnar og dreiv med fruktdyrking. Den fyrste diktsamlinga hans kom ut i 1946, og sidan har det kome ei rekkje diktsamlingar frå hans hand. I tillegg har han omsett og attdikta ei rekkje utanlandske lyrikarar.

Langs heile denne strekninga har du eit storslått utsyn over Ulvik og Ulvikfjorden, men no kjem du inn i eit skogledd område kalla «Myrkesvingen» på folkemunne. Like etterpå passerer du vegen opp til «Paradis» og snart står du på «Prinsahaugen». Vel nede i riksvegen tek du til venstre og endar opp i bygdesenteret Brakanes igjen.

Kjelder: Bygdebok for Ulvik. RIT v/O.Hellesnes, 5730 Ulvik. Kulturhistoriske vandringer i Ulvik

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som følgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

mounds from late iron age around 500 AD to 600 AD. Local chieftains and lords were buried in such mounds.

Turn left at Tunheim, go through the gate and past Sveidnaplassen just as the road turns to the north again (8). On the road to Ljonakleiv you pass a rock fence and a giant spruce (9). It was planted sometime in the 1890's and is therefor is exceptionally old, as spruces go. While pine is indigenous to the area, the local farmers plant a lot of spruces because of the better yield.

When you arrive at Ljonakleiv, which was a croft under the farm Lekve (10), you most certainly deserve a rest and a chance to enjoy the view. The old barn is now restored and is a good example of the West Norwegian construction method with staves and wickets that dates back to prehistoric times.

After Ljonakleiv, turn left along the path and through a gate, and then right at the crossroads. Go another two or three hundred metres and you arrive in the "tun" of the farm Solhovden (11). In an outcrop above the farm there are cup-like hollows in the rock that were used to make offerings to the gods in ancient times. Such offering cups dating from the Bronze Age are found many places around Ulvik and they are usually located quite high up the hillsides. This seems to indicate that the original farmhouses where built higher up than is the custom now, a conclusion supported by the names of the farms.

From here you walk straight to the farmhouses and through the "tun" (follow the signs), and continue along the farm road past Ljono Staudegartneri until you reach the local road. Turn left here and go down to the farm Uppheim which has a magnificent view of the entire Ulvik area (12). Ulvik is exceptionally well sheltered from the elements and as the farm also faces south, they grow fruit here despite the elevation. They have more hours of sunshine per day in the growing season than the farms in the valley, and this compensates for the lower ambient temperatures.

On the road down to the village you pass the farm Hakestad (13). The farm goes from the Tyso river to Sysebekken and is believed to be one of the oldest farms in the area. It is split in two; Øvre Hakestad, where we are now, and Nedre Hakestad with the village of Brakanes. In addition to the arable lands we can see from here, the farm also has outlying fields and pastures by Stokkvatnet. To day the farm is split into several separately owned units and a portion of it has also been developed for residential purposes.

Here you also find the home of Olav H. Hauge (1908 – 1994), one of Norway's best-known poets (14). He was educated as a gardener, and grew fruit in addition to writing poetry. His first collection of lyrics was published in 1946 and was followed by a number of later works. He has also translated and reworked poems by several lyricists from abroad.

All along this part of your walk you can enjoy a fine view of Ulvik and the Ulvik Fjord, but now you enter a forested area called Myrkesvingen by the locals. Shortly after Myrkesvingen you come to Paradis (yes, Paradise) and after that you arrive at Prinsahaugen. At the main road you turn left to get back to the village centre Brakanes.